



Haustetilrådingar per 29. aug 2017 (etter prøveuttaking 28. aug)

NLR Vest avd. Njøs starta opp med uttak av prøvar for vurdering av haustetid for sesongen. Me nyttar oss i stor grad av same hagane som tidlegare. Dyrkarane må alltid sjølv relatera resultatata til eigen hage og gjera eigne vurderingar og analysar om behov. Fokuset vårt også i år er å koma i gong tidleg med hausting av rett sort til rett tid, noko som både produsent og fruktlager tener på i tillegg til at frukta får optimal kvalitet.

Me gjer i år analysane på måndagane og resultatata bli kunngjort på tysdagen etter på www.sognefrukt.no.

Tips for haustetidsvurderingar og korleis ein skal gå fram for å måla sjølv ligg som tidlegare på Sognefrukt sine heimesider under meny "Medlemsinformasjon". Hjå Sognefrukt får ein kjøpt fargevifter for måling av grunnfarge og NLR sel jodløyising (NB! Er ei anna formulering enn den veterinærane brukar) og hefter med rettleiande verdiar for stivetesting.

Hugs at sukkerinnhald aleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fastheit og stiveinnhald. Grunnfargen MÅ også vera på plass før hausting! Hausting i fleire omgangar er tilrådd for alle sortar. Frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer.



Discovery

Det er teke ut prøvar på Leikanger, Slinde, Sogndal. Resultata er i tabellen på neste side. På dei tidlegaste plassane har grunnfargen på enkelte eple byrja å gå frå C2 til C3. På desse epla er også raudfargen vorte blank og skinnande.

Analysane våre viser at enkeltfelt kan starta forsiktig utorhausting denne veka. På Hamre er streifindeksen innanfor, men stiveverdien er enno under 6 og grunnfargen er ikkje riktig på plass. Det må difor plukkast med forsiktighet og mot slutten av veka.

For andre felt på Leikanger er det ei god stund igjen til starthausting. Difor er det viktig å sjekke tilstanden i eigen hage før ein startar.

På Slinde og i Sogndal er det også for tidleg å starta og ein kan venta til nye prøvar verte analysert om ei veke.



Generelt kan ein seie at dersom stiveverdien er låg og sukkerinnhaldet er mindre enn 10,8 bør ein venta litt med hausting.

Discovery					Rettlei.	Til Bama*
Dyrkar	Tor Yttri	Geir Helge Slinde	Ola Aaberge	Terje Fosshagen		
Adresse	Hamre, Leikanger	Slinde, Sogndal	Sogndal	Leikanger		
Dato	28.08.2017	28.08.2017	28.08.2017	28.08.2017		
Fruktvekt	0,151	0,138	0,136	0,169		
Avling	3	3 til 4	3 til 4	3		
Fastleik	8,0	9,0	8,5	8,5	7,0-8,0	Min. 7
Ref.	10,8	10,5	10,3	11,7		10,8
Stive	5,1	4,6	4,4	3,5	6,0-8,0	6,0-8,0
Streif	0,145	0,186	0,187	0,207	0,09-0,16	

Glinsande raud, minimum 3 på fargeskalaen

Bilete visar Discovery frå det tidlegaste feltet før og etter stivetest.





Clara Frijs

Det er teke ut prøvar i eit felt på Slinde på grunnstammen Kvede C. Clara Frijs har eit godt stykke igjen til hausting med ein fastleik på 7,4 og stiveinnhald på 2,0. Sukkerinnhaldet ligg an til å bli bra når det er klart til hausting.

Celina

Desse har kome lengre enn Clara Frijs i år. Dei har mjukna litt og stiveinnhaldet er på veg oppover. Sukkerinnhaldet ligg på 9,6 og ein skulle ønskt at det gjekk litt opp før hausting.

	Celina	Clara Frijs
Dyrkar	Gunvor Lidal	Gunvor Lidal
Adresse	Slinde	Slinde
Dato	28.08.2017	28.08.2017
Fruktvekt	0,131	0,119
Avling	2	3
Fastleik	6,8	7,4
Ref	9,6	10,7
Stive	4,1	2,0
Streif	0,171	0,347

På bilete under ser dykk Celina (øvt) og Clara Frijs (nedst) etter stivetesten:



Neste prøveuttak blir på måndag 4.september.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Vest
Marianne Bøthun; tlf: 95290740
Stine Huseby; 48040498